

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Eldrerådet	21.08.2014	026/14	HMOR
Formannskapet	25.08.2014	053/14	TSTE

Endeleg vedtak i: Formannskapet Saksansv .: Hedvig Moe Øren	Arkiv: N-256 Objekt:	J.post id. 14/7528	Arkivsaknr 12/676 - 6
--	---------------------------------------	------------------------------	---------------------------------

HØYRING- FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I LOV OM STADNAMN

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	23.04.2012	Dkg. Kulturdepartement	Høyring - forslag til endring i lov om stadnamn
2	U	31.07.2012	Dkg. Kulturdepartement	Høyringsfråsegn - framlegg til endring i lov om stadnamn.
3	I	02.06.2014	Dkg. Kulturdepartement	Høyringsbrev - framlegg til endringar i stadnamnlova
4	U	27.06.2014	Ullensvang Mållag v. Erlend Trones	Endring i lov om stadnamn
5	I	14.07.2014	Ullensvang mållag v/Erlend Trones	Endring i lov om stadnamn

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Lov om stadnamn LOV-1990-05-18-11

Saksutgreiing:

Kulturdepartementet sender på høyring framlegg til endringar i stadnamnlova. Bakgrunnen er å sikra grunneigaren avgjerdsrett i saker som gjeld fastsetjing av offentleg skrivemåte av namnet på eigedomen sin. Slik lova er lagt opp til i dag, har hovudregelen vore at gardsnamn og bruksnamn skal ha same skrivemåte. Eit av dei viktigaste føremåla med lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne og gje ein skrivemåte som er praktisk og tenleg. Lova skal òg medverka til aktiv bruk av namna.

I 2012 vart eit høyringsnotat om endring av stadnamnlova lagt ut til høyring. Det kom inn 76 svar, dei fleste av desse ville ha lova som ho var, og gjekk i mot endringsframlegget. I samband med endringsframlegget i 2012, handsama ikkje Ullensvang herad dette som ei eiga politisk sak.

Årsaka til at det no ligg føre enno eit høyringsframlegg, er at Kulturdepartementet ønskjer ein grundigare gjennomgang av lova. I samband med høyringa ber dei om å få innspel. Frå Ullensvang mållag har Ullensvang herad fått inn eit brev med ei heil rekkje synspunkt og

vurderingar. Ullensvang herad deler desse vurderingane, og har i saksutgreiinga langt på veg nytta desse.

Vurdering:

Ullensvang herad ynskjer at det klare skiljet som i dag finst mellom stadnamn og slektsnamn vert halde oppe, der skrivemåten av stadnamna er ei kulturell felleseige, medan slektsnamnet er ei privatsak. Dette skiljet er eit prinsipp som har store fordelar. For stadnamna sikrar det skriftspråkleg ivaretaking. Det tek og vare på namna som kulturminne, og det inneber at alle stadnamn uansett type vert handsama likt ved normering. Brukseigarane har på si side moglegheit til å styra heilt over seg sjølve; dei kan sjølve bestemma korleis etternamnet deira skal skrivast. Stadnamnlova regulerer dessutan berre skrivemåten som det offentlege skal bruka. Grunneigarar og andre privatpersonar kan heilt fritt velja å skriva bruksnamnet annleis enn det offentlege gjer.

Me ser det som problematisk at ein skal skilja mellom normeringa av gardsnamn og bruksnamn. Oftast finst det ikkje noko klart skilje mellom dei to namnekategoriene, svært ofte har fleire av bruka nøyaktig same namn som garden dei ligg under i matrikkelen. Dette peikar departementet sjølv på i kap. 3.3. på side 6 i høyringsnotatet. Det vil difor vera umogleg å praktisera skiljet rett, for i mange tekstar vil det ikkje vera klart om ein omtalar garden eller bruket. Det kan i verste fall få juridiske følgjer i til dømes domar eller forvaltningsvedtak. Oftast vil det berre verta skrivemåten, ikkje uttalen, som er ulik, t.d. Mo vs. Moe, og då vil sjølv dei beste kunna risikera å bomma når dei skal skriva namnet.

Det er ofte tilfeldig om gardane har eigne gardsnummer eller ikkje. Her i heradet har me fleire døme på at gardar (altså namnegardar) ikkje har eigne gardsnummer på grunn av dei eigartilhøva ein tilfeldigvis hadde då matrikkelen av 1886 vart innført. Soleis er til dømes gardane Dale, Kaland og Ytre Kvitno i Ullensvang formelt å rekna for bruk, ikkje gardar etter definisjonen i § 2 bokstav b, men dei ber likevel gamle gardsnamn. Skal brukarane her få det avgjerande ordet dersom dei vil endra namna til t.d. Dahl, Calland og Quitne ut frå førelegg i nokre gamle, danskspråklege protokollar?

Eit anna vanleg typetilfelle som viser det logisk sviktande i å oppretta eit skilje mellom gardsnamn og bruksnamn er dei mange gardane som er einbølte, altså gardar med berre eitt bruk under seg. På desse gardane er alltid gardsnamnet samanfallande med bruksnamnet, og i matrikkelen vil desse gardane stå oppførde med gardsnamnet som namn også på det underliggjande bruket (som nesten alltid vil vera «bruk 1»). Dersom grunneigaren på ein einbølt gard krev ein annan skrivemåte på bruket sitt enn den som er godkjend eller vedteken av Kartverket som namn på garden, kan ein få ein situasjon der nøyaktig same eigedom får to ulike skrivemåtar av namnet.

Me vil til slutt understreka dei ulempene som oppløysing av stadnamnnormeringa fører med seg ved utvikling og bruk av elektroniske verkty der stadnamn inngår. Varierende skrivemåte av eit namn kan føra til vanskar med til dømes å søkja opp eit stadnamn som ikkje fylgjer vanlege rettskrivingsreglar eller avvik frå den skrivemåten som gjeld garden eller andre nabobruk. Den teknologiske utviklinga fører med seg behov for strammare normering av stadnamna.

Departementet føreslår å halda på ordlyden «gi dei [dvs. stadnamna] ei skriftform som er praktisk» i formålsparagrafen, men heile framlegget om å delvis privatisera normeringa av bruksnamna går på tvers av dette. Ullensvang herad føreslår at departementet i staden legg bort alle framlegga til lovendring som går på å overføra retten til å velja normering av bruksnamna til grunneigarane. Det bør heller koma betre fram av lova at Kartverket i samråd med namnekonsulentane fastset skrivemåten av både gards- og bruksnamn, og at grunneigarane berre har rett til å velja nye namn på nye bruk.

Ullensvang herad stør dei fleste andre framlegga til endringar av stadnamnlova som ikkje har med vedtaksmynde for skrivemåten av bruksnamna å gjera. Eit unnatak er bruken av nemninga «gardsbruk» i definisjonen i § 2 bokstav c, som er uheldig. Det bør heller stå berre «bruk». Dei fleste bruka i matrikkelen er ikkje 'gardsbruk', og det er vel alle eigedomar med eigne bruksnamn lova skal gjelda. Me viser her til at ein i den nye matrikkelen kan registrera namn på kvart einskilt bruksnummer, og det er vel desse namna lovframlegget siktar til, uavhengig av om bruka vert nytta til gardsdrift eller ikkje.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Ullensvang vil overfor Kulturdepartementet rå til at ein ikkje endrar punkta i stadnamnlova som gjev grunneigaren avgjerdsrett i saker som gjeld fastsetjing av offentleg skrivemåte i namnet på eigedomen sin, slik det går fram i høyringa. Det er av offentleg interesse at stadnamn og gardsnamn vert nytta likt ved normering.

Formannskapet i Ullensvang stør dei fleste andre framlegga til endringar av stadnamnlova som ikkje har med vedtaksmynde for skrivemåten av bruksnamna å gjera. Eit unnatak er bruken av nemninga «gardsbruk» i definisjonen i § 2 bokstav c, som er uheldig. Det bør heller stå berre «bruk». Dei fleste bruka i matrikkelen er ikkje 'gardsbruk', og det er vel alle eigedomar med eigne bruksnamn lova skal gjelda. Det vert her synt til at ein i den nye matrikkelen kan registrera namn på kvart einskilt bruksnummer, og det er vel desse namna lovframlegget siktar til, uavhengig av om bruka vert nytta til gardsdrift eller ikkje.

21.08.2014 ELDRERÅDET

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

ER-026/14 TILRÅDING:

Formannskapet i Ullensvang vil overfor Kulturdepartementet rå til at ein ikkje endrar punkta i stadnamnlova som gjev grunneigaren avgjerdsrett i saker som gjeld fastsetjing av offentleg skrivemåte i namnet på eigedomen sin, slik det går fram i høyringa. Det er av offentleg interesse at stadnamn og gardsnamn vert nytta likt ved normering.

Formannskapet i Ullensvang stør dei fleste andre framlegga til endringar av stadnamnlova som ikkje har med vedtaksmynde for skrivemåten av bruksnamna å gjera. Eit unnatak er bruken av nemninga «gardsbruk» i definisjonen i § 2 bokstav c, som er uheldig. Det bør heller stå berre «bruk». Dei fleste bruka i matrikkelen er ikkje 'gardsbruk', og det er vel alle eigedomar med eigne bruksnamn lova skal gjelda. Det vert her synt til at ein i den nye matrikkelen kan registrera namn på kvart einskilt bruksnummer, og det er vel desse namna lovframlegget siktar til, uavhengig av om bruka vert nytta til gardsdrift eller ikkje.

25.08.2014 FORMANNSKAPET

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FSK-053/14 VEDTAK:

Formannskapet i Ullensvang vil overfor Kulturdepartementet rå til at ein ikkje endrar punkta i stadnamnlova som gjev grunneigaren avgjerdsrett i saker som gjeld fastsetjing av offentleg skrivemåte i namnet på eigedomen sin, slik det går fram i høyringa. Det er av offentleg interesse at stadnamn og gardsnamn vert nytta likt ved normering.

Formannskapet i Ullensvang stør dei fleste andre framlegga til endringar av stadnamnlova som ikkje har med vedtaksmynde for skrivemåten av bruksnamna å gjera. Eit unntak er bruken av nemninga «gardsbruk» i definisjonen i § 2 bokstav c, som er uheldig. Det bør heller stå berre «bruk». Dei fleste bruka i matrikkelen er ikkje 'gardsbruk', og det er vel alle eigedomar med egne bruksnamn lova skal gjelda. Det vert her synt til at ein i den nye matrikkelen kan registrera namn på kvart einskilt bruksnummer, og det er vel desse namna lovframlegget siktar til, uavhengig av om bruka vert nytta til gardsdrift eller ikkje.